



--

Arkiv saknr:	2018/3560
Løpenr.:	6866/2019
Arkivkode:	223

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		

Sakshandsamar: Knut Martin Edland

Svar på CRM-søknad

Vedlegg:

- 1 Rauland CRM-søknad
- 2 Avtale krava til Vinje kommune og Rauland Turist

Dokument i saka:

Bakgrunn:

Rauland Turist er den som har avtale med Vinje kommune om å utøve reiselivstenester for kommunen. Dei har stor kompetanse innan digital marknadsføring og utvikling av program for å hjelpe seg i så måte. CRM står for *customer relationship management*, som på norsk blir kunderelasjonshandtering. I dette arbeidet har RT utvikla/modifisert eit CRM opplegg slik at RT lettare kan gje kundane/turistane ein mykje betre informasjon og ikkje minst kunne følge opp kunden seinare. Dei kallar det på folkemunne Rauland App'n.

T.d. vil dei få oversikt på ein heilt annan måte i dette rundt GJE-LÅM. Det åleine kan gjera at inntektene mykje fortare kjem, og at ein kan følgje opp dei som ikkje har betalt. Ein reknar med at dette kan utgjera mellom 500 000,- og 1 mill. pr år.

Dette systemet kan også nyttas over heile kommunen, og då til heilt andre prisar enn det ein måtte ut med elles. Noko RT har gjort iht nettside modellen i Visit Rauland, som no vert nytta av Visit Haukeli og Visit Vinje, til sterkt reduserte prisar. Totalkostnaden dreier seg ca 800 000,-.

Vurdering:

Dette CRM programmet er no sett igang og allereie gjev stort utbytte. Men systemet er ikkje heilt ferdig enda. Og Rauland Turist har lagt ut store summar og det har kosta ein del meir enn det ein budsjettera. Likevel er det i den nemnte avtala eit ledd som seier at Rauland Turist skal ha «ansvar for drift og utvikling av nettportaler og sosiale medier for synliggjøring av kommunens ulike reisemål, attraksjonar og aktiviteter». Slik at mykje av dette er inkludert i denne avtala, og ligg i det årlege beløpet RT får.

Men då dette er eit system som nemnt kan nyttas av andre destinasjonar i kommunen, og til reduserte pris, meiner Rådmannen at dette er ein god investering som tener mange innan turistbransjen i heile kommunen. Og det vil på sikt vera med på at Rauland Turist meir og meir vil kunne klare seg sjølve. Rådmannen rår difor å støtte tiltaket, men av gjevne orsakar noko mindre enn omsøkt.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje kommunen, stør Rauland Turist med kr 100 000,- til vidare utvikling av CRM systemet. Inndekning innan budsjettramma til Næringskontoret.

Rådmannen, 27.03.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/